

Til Masfjorden kommune

Hordaland fylkeskommune mottok 12.07.2018 melding om offentleg ettersyn av arealdelen av kommuneplanen for Masfjorden kommune. Frist for uttale har kommunen sett til 06. september 2018.

Hordaland fylkeskommune vurderer kommuneplanar som eit særskilt viktig instrument for god og framtidssikrert samfunnsplanlegging. Ein arealdel av kommuneplanen er eit omfattande dokument med som har verknader i lang tid. Difor vert fråsegner til kommuneplanar handsama politisk i Hordaland fylkeskommune. Fylkestinget har delegert til utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) å gje fråsegner til kommuneplanar. KIRU har sine neste møte 12. og 13. september og 22. oktober. Saksframlegg må vera ferdige i god tid til desse møta.

Desse føresetnadane gjer at Hordaland fylkeskommune ikkje kan gje fråsegn til kommuneplanen for Masfjorden på forsvarleg vis innan fristen 6. september. Det er dessutan særleg krevjande å produsera sakframlegg no når sakshandsamarar har ferie, og arbeidet ikkje kjem i gang før etter ferien.

Hordaland fylkeskommune søker difor om utsett frist til 31. oktober 2018.

Vi ber om å få ei tilbakemelding på denne søknaden for planlegginga av vidare arbeid.

Venleg helsing  
Per Nordmark  
seniorrådgjevar, planseksjonen